

OSEANA STRATEGIPLAN 2022 – 2025

FORMÅL

Oseana skal vera Bjørnafjorden si kulturelle storstove. Senteret skal bidra til å skape kulturelle verdier, som gjev identitet og eit rikare samfunn for innbyggjarane i Bjørnafjorden kommune og regionen rundt.

VISJON

Oseana kunst- og kultursenters visjon er å skape *EIT HUS FOR OPPLEVINGAR*. Dette gjer vi gjennom verdiane våre:

INVITERANDE – RAUS - SKAPANDE

PROGRAMPROFIL

Oseana skal tilby innbyggjarane i regionen eit mangfald av kulturytringar, frå lokalt til internasjonalt nivå. Dette skal vere både dans, musikk, biletkunst og teater, samt andre sceneuttrykk. Kunst er eit satsingsområde gjennom Griegsamlingen.

PUBLIKUM

Oseana skal primært vera eit hus for innbyggjarane i Bjørnafjorden kommune og deretter Bergen og Vestland Fylke. Vi skal søkje å nå breitt i befolkningsgruppa og ha eit tydelig fokus på mangfald. Barn og unge er ei viktig målgruppe.

SAMARBEID

Oseana skal vera ein naturleg samarbeidspartnar for lokale og nasjonale arrangørar. Gjennom samarbeid og nettverksarbeid vil Oseana bidra til at andre lukkast, og til å lukkast sjølv. Oseana skal også bidra til å utvikle Bjørnafjorden som reisemål og som attraktiv bustadskommune.

ARBEIDSMILJØ

Oseana skal vera ein mangfaldig og raus arbeidsplass. Det skal vera ein meningsfylt og gjevande stad å arbeide, kor ein gjennom utfordringar og kulturell kompetanse er med å gjere ein forskjell.

BEREKRAFT

Oseana skal stå fram som ein berekraftig arena og leie an i arbeidet for å redusere klimaavtrykket i kunst- og kultursektoren i samsvar med FNs berekraftsmål.